

---

<b>Til:</b>	Hans-Christian Engum
<b>Frå:</b>	Elizabeth Warren

---

## **Kulturminnefagleg innspel - Rullering av kommuneplanen sin arealdel - Planprogram - Meland kommune**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

### **Om kulturminne og kulturmiljø**

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nålevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleving og verdiskaping.

Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ser det som positivt at Meland kommune har starta opp arbeid med kulturminneplan, jf. planstrategi for Meland kommune 2016-2020. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål, jf. dei nasjonale forventningane kommunal og regional planlegging frå 12.06.2015. Fylkeskommunen har ansvar for å sørge for dei nasjonale kulturminneinteressene og støtte kommunane med rettleiing.

Gjennom ein kulturminneplan vil kommunen få eit betre oversyn over kulturminne og kulturmiljø, både dei som er freda og dei som er viktige lokalt. Ei god oversikt er naudsynt i forvaltninga av plan- og bygningslova, og ein viktig reiskap for å prioritere kva kulturminne og kulturmiljø som kan framhevast i lokal samfunnsutvikling innan reiseliv, utdanning, friluftsliv, folkehelse, utvikling av attraktive tettstader og identitetsskaping i kommunen.

Ved offentlig ettersyn må ikkje planen vere i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne på land og i sjø/vatn.

### **Planprogram**

Planprogrammet for rullering av kommuneplanen bør også ha fokus på integrering av kulturminneplanarbeid i kommuneplanen. Vi rår kommunen til å inkludere kulturminne som eige tema under rullering av kommuneplanen.



I høve til viktige regionale føringar som ein må ta omsyn til minner vi om Regional plan for kultur 2015-2025: *Premiss kultur*. Forvaltning og formidling av hus og landskap er mellom anna hovudsatsing i den regionale kulturplanen. Endra busetnad og infrastruktur er også ei kulturpolitisk utfordring, og kulturplanen rettar difor merksemd mot fysiske omgjevnader i rask omskifte: «*Ei god arealutvikling krev at både offentlege styresmakter og private utbyggarar tek eit heilskapleg ansvar...Høge krav til kvalitet i nye planar og istandsetting av bygde miljø skapar attraktive sentrum og er del av ei berekraftig stad- og byutvikling. Omgjevnader der folk møtest, skapar gode og levande lokalsamfunn. Ein arealpolitikk med vekt på kvalitet skal gje rom for menneskeleg utfolding, verke positivt på vår eigen trivsel og fremje fysisk, psykisk, kulturell og sosial utvikling og deltaking.*»

I ei konsekvensutgreiing må kulturminna skildrast, og konfliktgraden mellom byggområde og kulturminne, både freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid, avklarast. I områder med nye arealføremål med tanke på utbygging, næring osv. må det foretast ei vurdering av potensiale for funn av ukjende automatisk freda kulturminne. Mangelfull konsekvensutgreiing, eller føresegner som ikkje ivaretek viktige kulturminneinteresser eller tek høgde for undersøkingsplikta (jf. kulturminnelova § 9), er grunnlag for motsegn frå Hordaland fylkeskommune som kulturminnemynde.

Det er ein stor føremon at planproduktet, særleg arealplankartet, føresegner og retningslinjer, er ryddige slik at ein unngår konflikt med kulturminneinteressene. Sjølv om ein kulturminneplan ikkje ligg føre i den komande planlegginga av arealdisponeringa, kan kommunen gjere nytte av tilgjengelege databasar og stadlege kjelder som gjeld både verna kulturminne og lokale kulturminneinteresser.

Nye byggeområde og LNF-område der spreidd utbygging er tillate, kan ikkje vere ikonflikt med freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne med regional eller nasjonal verdi, og er motsegn grunnlag frå kulturminnemynde.

### **Omsynssoner**

Freda kulturminne må visast på plankartet med omsynssoner d, jf. pbl § 11-8, d. Kulturminne som ikkje er freda kan òg ha verneverdi, desse må visast på plankartet som omsynssoner c innanfor planområda, jf. pbl § 11-8, c. Det overordna målet med omsynssone c er å ta vare på kulturminnet i det landskapet det ligg i. Det bør utgreiast korleis kommunen skal sikre verneverdige kulturminne i kommunen. Omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, til dømes LNF. Det må vidare knytast føresegner til omsynssone d og retningslinjer til omsynssone c som sikrar at verneføremåla vert ivaretekne.

#### «Omsynssone d (SOSI-kode H730)

I omsynssone d er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Det er ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som er egna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kml. § 3. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.»

Gjeldande kommuneplan har berre eit objekt under omsynssone d – H730-1 Meland kyrkjestad.

I Askeladden, den nasjonale kulturminnedatabasen, er det over 70 freda kulturminne som er båndlagt etter kulturminnelova og bør merkast på kart som omsynssone.

#### «Omsynssone c (SOSI-kode H570)

Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap i området. Saker som virke inn på kulturminne av regional og nasjonal verdi skal sendast Hordaland fylkeskommune som regional kulturminnemynde for vurdering.»

Gjeldande kommuneplan har 6 område som er vist som omsynssone C kode H570 : Mjåtveitstø, Holme, Eikeland, Io, Vikebø og Frekhaug. Det er truleg fleire viktig kulturmiljø i kommunen som bør sikrast i omsynssoner i kommuneplan, jf. kulturminneplanarbeid i kommunen.

### Generelle føresegner

Dei generelle føresegnene er viktige for å få sikra omsynet til kulturminneinteressene jf. pbl § 11-9, nr. 7. Hordaland fylkeskommune ber difor om at ein i dei generelle føresegnene får inn at:

1. «Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak».
2. «Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand.»

Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommunedelplanen sitt areal. Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i ny arealbruk i kommuneplanen sin arealdel før § 9 i kulturminnelova er oppfylt for det einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. Undersøkningsplikt etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllast i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak, dette gjeld både land- og sjøareal. Hordaland fylkeskommune ber difor om at ein i dei generelle føresegnene får inn at:

1. «Hordaland fylkeskommune har ikkje gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal. Fylkeskommunen må ta atterhald om nye byggeområde i kommuneplanen sin arealdel, inntil § 9 i kulturminnelova er oppfylt for dei einskilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart.»

For å sikre handhevinga av undersøkningsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, bør føresegner knytt til LNF-område med høve for spreidd utbygging og spreidd næring vere:

1. Alle tiltak i ubebygd areal innanfor LNF-område med høve for spreidd utbygging og spreidd næring skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteresser, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.»

### Riksantikvarens merknader og vurderingar

I brev datert 25.10.2017 skriv Riksantikvaren at:

#### Meland mellomalderkyrkjestad

Innanfor planområdet ligg Meland mellomalderkyrkjestad. Den eldste kyrkja var truleg ei stavkyrkje. Denne vart, sannsynlegvis rundt 1616, erstatta med ei tømmerkyrkje på same tuftområde. Denne vart riven etter at noverande kyrkje sto ferdig. Noverande kyrkje ligg om lag 200 m nordaust for mellomalderkyrkjestaden.

#### Kommentarar

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare – ikkje berre i høve til inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminner står difor sterkt i lovverket. Eit sentralt punkt i denne saka er om tiltak i nærleiken av kyrkjestaden vil være utilbørlig skjemmaende, jf. kulturminnelovens § 3.

Vårt innspel på dette stadiet er generelt. Vi vil påpeike at den mellomalderske kyrkjestaden er eit kulturminne av nasjonal verdi. Det er viktig at ein ved planlegging av tiltak i kyrkjestaden sine nærmaste omgjevnader tar tilstrekkeleg omsyn til dette, slik at kyrkjestaden sin kunnskaps- og opplevingsverdi kan takast vare på for framtida.

For å synleggjere at den mellomalderske kyrkjestaden er eit automatisk freda kulturminne, skal det visast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet og omtalast i føresegnene jf. pbl. § 11-8, SOSI-kode H-730. Omsynssone d) skal ha svart rutenettskravur. Koordinatane for avgrensinga av Meland mellomalderkyrkjestad ligg i Askeladden, id nr.156372.

Denne teksten bør tas med i føresegnene til kommuneplanen for Meland mellomalderkyrkjestad:

«Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.»

### **Marine kulturminne**

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. I e-post datert 25.10.2017 står det at:

«Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinærkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som rår sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råka kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/gravning, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomst av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Vi kan nemne at det har blitt gjort funn av maritime kulturminner ved Litlebergen (id: 123730). Området er registrerte i Askeladden/Kulturminnesøk som godt egnet som ankringsplass, og ligger strategisk plassert ved den indre farleia langs kysten. Det er gjort flere løsfunn i området, blant annet stein- og leirgods, samt krukkefragmenter som tyder på maritim bruk av Flatøyosen fra 1600-tallet og utover. Det er også registrert skipsvrak i Askeladden. Bark Eline (id: 89151-1) som gikk ned i 1912 ved Skjellanger. Det skal vera restar av båten igjen, og desse er automatisk verna sidan dei er eldre enn 100 år. Meland har også fleire ankringsstader for båtar som er nemnd i eldre losbøker frå 1800-talet.

Ei konsekvensutreiing med tanke på marine kulturminne for alle kommuneplanens utbyggingsområde i sjø vurderer me som en uforholdsmessig stor jobb både praktisk og økonomisk, og bør slik me ser det ikkje være en del av den prosessen som nå planleggjast. På grunn av planområdets store omfang føretrekk me at tiltak blir førelagde oss på regulerings- eller byggeplannivå. Då vil trulig planane også være meir konkrete i utforming og omfang.

Bergens Sjøfartsmuseum oppmodar Meland kommune om følgjande:

- å sørgje for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal har en klausul i kommunedelplanens forskrifter om at de skal utredes med regulerings- eller byggeplan, og dermed lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen.
- å sørgje for at kommunedelplanens føresegn har eit påbod om at alle planlagde enkelttiltak som skal utførast i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen.